

KYRKJEKONTAKTEN

NR. 01 — 2019 · 45. ÅRGANG · KYRKJELYDSBLAD FOR ALVERSUND / KNARVIK / LYGRA / SEIM



2-4

NRK sender påskekudstenester

6-8

Tema: Dåp

13

Soknerådsva

14

Oversikt over konfirmasjonar

Kyrkjekontakten

Kyrkjelydsblad for Alversund, Seim og Lygra sokn - i samarbeid med Osterfjorden, Mo og Meland sokn

Knarvik kyrkjekontor

Besøksadresse: Lonsvegen 100, 5914 Isdalstø
Postadresse: Postboks 228, 5903 Isdalstø
Tlf. 56 37 59 30
E-post: post.knarvik@kyrkja.no

Opningstid:

Tysdag kl. 12-14
Onsdag-fredag kl. 9-14

Heimeside til Alversund kyrkjelyd:

www.knarvikkyrkje.no

Lindås kyrkjelege fellesråd

Leiar: Turid Sporsheim Tvedt

Kyrkjekontakten

Redaktør: Gunvor Taule Mjanger

Lokal redaksjon

Terje Øpstebø
Geir Øy

Sokneråd

Alversund sokneråd
Laila Tvedt 950 39 882

Seim sokneråd

Rannveig Furelid 400 17 918

Lygra sokneråd

Øystein Veland 466 33 162

Kontonummer til Kyrkje-

kontakten: 3632.53.60741.

Vipps: 517310

Framsdebilte:

Familien Lyngøy var samla til dåp i Knarvik kyrkje i januar. Foto: Arthur Kleive-land.

Tankestrek

Av sokneprest Geir Øy

NRK sender gudstenester frå Knarvik kyrkje

Ny personleg rekord? I løpet av tre dagar i den komande palmehelga kan du truleg setje personleg rekord for gudstenebesøk. Då skal NRK ta opp gudstenester for palmesundag, langfredag og 1. påskedag. På dei følgjande to sidene vil me vise kva som skal skje på dei ulike gudsteneestene.

Musikk. Dei tre gudsteneestene vil bli prega av at det er eit flott musikk-miljø i Nordhordland med både kor og instrumentalistar.

Alver. Me som arbeider med gudsteneestene har ønskt å dra vekslar på ressursar, ikkje berre frå Knarvik og Alversund, men frå komande Alver kommune. Organisten kjem frå Radøy. To av songarane som skal bidra kjem frå Meland. Eit felles barnekor har med born også frå Osterfjorden. Slik blir gudsteneestene eit stort fellesprosjekt.

Ei oppmoding. Det er sjeldan eg oppmodar nokon direkte om å kome i kyrkje. Denne gongen er eg tydeleg: Det vil vere storarta om me kan fylle kyrkje tre dagar på rad. Det vil bli ei oppleving for alle som kjem, og det vil ta seg godt ut på NRK-overføringane at det er god oppslutnad. Denne gongen treng Knarvik-kyrkje deg!

Festival. Det er eit ønske at palmehelga kan bli mest som ein festival i kyrkje. Soknerådet tar ansvar for gode rammer med mat for deltakarar før gudsteneestene og kyrkjekaffi etter kvar gudsteneeste.

Antrekk. Nokon spør seg gjerne kva kle ein bør gå med denne helga. Vanlege søndagsklede er bra, og eventuelt litt ekstra fint på påskedagsgudstena.

Meland kyrkje. Kva så når 1. påskedag kjem og det har vore påskedagsgudsteneeste på palmesundag? Etter å ha vurdert fram og tilbake, blei slutninga at det ikkje blir laga til ny påskedagsgudsteneeste i Knarvik. I staden blir alle som ønskjer å gå i kyrkje på sjølve høgstidsdagen oppmoda om å gå i Meland kyrkje søndag 21. april kl. 11!

God påske!



Synnøve Bjørndal
sekretær
sb876@kyrkja.no



Geir Øy
sokneprest
go673@kyrkja.no



Torbjørn Sæle
spesialprest
ts657@kyrkja.no



Nina Jenny Tresvik Monstad
trusopplærer
nm853@kyrkja.no



Einar Reite
ungdomsarbeidar



Kristine Rykkje Hopland
(permisjon)



Helge Taranrød
prost
ht759@kirken.no



Helle Kartveit
konfirmantlærer (vikar)
hk967@kyrkja.no



Odd Leif Mjøs
kantor
om623@kyrkja.no



Magne Bjørndal
seniorprest
mb578@kyrkja.no

Famili gudsteneste på «palmelørdag»

På laurdag føremiddag i palmehelga blir det ein fest av ei famili gudsteneste i kyrkja i Knarvik. Då samlast born frå 6-7 barnekor saman med Bjarte Leithaug. Han får med seg barnekoret på fire av songane sine. I tillegg har Bjarte skriva ein ny song for dagen. Songen tar opp i seg temaet for preika, som Geir Øy skal halde. Han fortel om den:

– Eg likar å ha noko konkret å gjere eller vise når eg har preike på famili gudstenester. Denne gongen har eg fem gjenstandar som kvar for seg seier noko viktig om palmesøndagen og bibelteksten for dagen. Eg har spurt seks born om å hjelpe meg å vise gjenstandane fram. Eit mål for formidlinga på slike dagar er det skal vere forståeleg for barna og ikkje banalt for dei vaksne.

I gudstenesta elles blir det inngangsprosjon med alle barna i koret. Det blir også dåp av eit barn.



Foto: privat

Frammøte til opptak av gudstenesta til palmesøndag blir laurdag 13. april kl 1130.

Bjarte Leithaug blir sentral på palmesøndag.

Langfredag i tekst og tonar

På langfredag blir lidingshistoria lest frå evangeliet etter Matteus. Dette er den lengste tekstlesinga av alle gjennom året. For å gjere formidlinga av teksten så god som mogeleg, vil fleire personar lese kvar sine roller.

Av musikalske krefter blir visesongaren May Sissel Rismyhr Jansen med. Ho bur på Frekhaug. Ho skal mellom anna framføre sin eigen song, «Trøystesong».

– Trøstesang heitte i starten Trøstesang for vaksne. Vi og eg kan bli matte av å sjå oss rundt i verda. Ting kan virke utan håp, spesielt viss ein ser og les for mykje nyheiter. I ein periode der eg rett og slett blei skremt av verda, kom denne songen. Den er altså like mykje en trøystesong til meg sjølv som til andre, og den som er den store Trøystaren og den som gir håp i songen, er Gud, fortel May Sissel.

Preika denne dagen er det Magne Bjørndal som skal halde.

– Langfredag handlar om at når vi sviktar, så tek Gud det på ramme alvor. Gud lèt sin eigen Son ta den straffa som vi hadde fortent. Dermed er vi frie til å tena kvarandre - så godt vi kan, seier Magne Bjørndal.

Frammøte til opptak av gudstenesta til langfredag blir fredag 12. april kl 1830.



Foto: Maria Vatne

May Sissel Rismyhr Jansen frå Meland vil bidra mellom anna med eigenskriven song på langfredag.

Frammøte til opptak av gudstenesta til 1. påskedag blir søndag 14. april kl 1045.



Foto: privat

I fjor var eit felleskor i aksjon på søndag etter påske. Det blei til inspirasjon for gudstenesta som er planlagt for NRK for 1. påskedag.

Ein strålande påskedag

På palmesundagen til vanleg kyrkjetid er Knarvikkyrkja og gudstenedeltakarane stemde til høgtid. Og veka etter, på 1. påskedag skal ein strålande songfest gå på lufta. Det blir lagt stor vekt på fellessongen, med fleire av dei mest kjende påskesalmene. Det blir samla eit stort felleskor av Alversund kammerkor, Knarvik Gospel og barnekoret SingOut. I tillegg til å syngje åleine, vil kora verkeleg løfte fellessongen. Knarvik Gospel vil bidra med ein gospelsong.

Organist på alle tre gudstenedestene er William Kay. Til påskedagen får han følgje av Erlend Aagaard-Nilsen som til vanleg er trompetist i Kringkastingsorkesteret. Torbjørn Sæle har preika på høgtidsdagen. Han fortel:

– I preiketeksten får vi høyra om eit aldri så lite påskeløp. Peter og ein av dei andre læresveinane høyrrer at steinen til grava er rulla til sides og at Jesus er borte. Dei skundar seg for å sjå kva som har hendt. Vi andre kan få lov til å koma etter, heseblesande eller i sneglefart. Og vi kan få bli med inn i den tomme grava og sjå underet som har skjedd med «troens øye». Først seinare på dagen kjem den levande Jesus og syner seg for læresveinane. Han møter dei med sin fred.

– Vi gler oss

Gunn Aasen er prosjektleiar gudstenedestene som NRK skal sende fra Knarvik kyrkje.

– Kvifor valde de Knarvik kyrkje til overføring av påskedgudstenedestene i år?

– Vi tenkjer det blir fint å vise den nye kyrkja i Knarvik. Det var også stor entusiasme frå dei tilsette i Knarvik kyrkje for eit samarbeid med NRK denne påsken. Det er eit veldig godt utgangspunkt.

– Kva skal til for at gudstenedester fungerer godt på radio og TV, slik du ser det? Engasjerte folk, god planlegging og god formidling, seier ho beint fram.

Gunn Aasen forteller at det blir eit team på 15 personar som skal være i sving gjennom palmehelga. Alle romma i hovudetasjonen vil vere i bruk, til ansvarlege for bilderegi, for lyd og sminke. Hun forteller vidare at NRK-teamet gler seg til å sende påskedgudstenedester frå Knarvik kyrkje denne påsken og til å samarbeide med alle dei fine folka der.

Det er uvanleg at NRK tar opp gudstenedesta på påskedag på førehand. Sjølv om det var ein uvand tanke å feire påskedag før skjærtorsdag og langfredag, har det modnast, fortel Torbjørn Sæle.

– Det viste seg å vere praktisk, ikkje berre for NRK, men også for oss å ta opp alle gudstenedestene i palmehelga. Det er mange frivillige som er i sving. Dei som skal reise bort i påskeveka, kunne no utsette reisa eit par dagar og likevel få med seg gudstenedestene, seier Torbjørn Sæle.



Foto: Geir Øy

På befaring i februar var disse med, f.v.: Kjell Jøran Hansen, fotograf, Stig Rasmussen, teknisk leder, Lars Chr Wallace, regi, Haakon Gunby, lyd, Tore Zakariassen, lys og Gunn Aasen, prosjektleider.

KIM
Knarvik Industri og Miljø as
KVASSNESVEGEN 52-54. 5914 ISDALSTØ

KIWI mini pris
KJØP KJAPT, KJØP TRYGT, KJØP BILLIG
Kiwi Ikenberget Tlf. 56 35 86 10

Nordhordland Elektro
Lindåsvegen 153, 5914 Isdalstø
Tlf.: 56 35 73 80 | post@nordhordland-elektro.no

Frå kyrkjebenken

Tekst og foto: Bjørn Dalsgård Nygård

– Kva kyrkje tilhøyrer du?

– Det er Ostereidet kyrkje. Vi bur i gåavstand til kyrkja.

– Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden?

– Eg har vore aktiv i kyrkjelyden sidan eg var tenåring. Ostereidet kyrkje eksisterte ikkje då, men kyrkjelyden møttest til gudstenester i «gamle-gymmen» ved skulen. Dette var ein gymnastikksal som var vigsla til interimskyrkje. Vi som kom frå Ostereidet vart konfirmerte i Myking kyrkje. Den gongen var det Monrad Taule som var sokneprest.

– På midten av 70-talet vart eg aktiv i skulelaget. Her var Helge Hitland vaksenleiar. Eg var også med i Ten Sing i Knarvik, under leiing av Egon Askvik. På det meste var vi over 120 ungdommar med i koret.

– I 1989 flytta eg og mannen min, Ernst, tilbake til Ostereidet. Saman med borna våre engasjerte vi oss i søndagsskule, barneforeining og Fredagskaféen i kyrkjelyden.

– Både eg og Ernst har i dag stor glede av å syngje i koret Te Deum. Det er også kjekt og sosialt å vere saman med gjengen på Strikkekaféen. Ein gong i året arrangerer vi basar, der inntektene går til utstyr og inventar i kyrkja.

– Kva set du mest pris på ved kyrkjelyden?

– Det må vere at den er eit viktig møtepunkt, at den samlar alle frå born til pensjonistar. Det er òg flott å sjå alle ungdommane som er innom Fredagskaféen kvar einaste veke. Fleire av leiarane der har vore med og drive klubben gjennom fleire år. Det står respekt av arbeidet deira.

– Korleis vil du skildra kyrkja?

– Vi har ei flott, moderne arbeidskyrkje. Den har mange rom som kan brukast til ulike aktivitetar. Og så har vi eit godt kjøkken. Det er viktig.

– Kva salme syng du gjerne for tida?

– For nokre veker sidan hørte eg ei radiogudsteneste frå Ihlen menighet i Trondheim, der skodespelaren og musikaren Børge Pedersen var med. Han song «O store Gud», kjend både frå bedehus og kyrkje. Det gjorde eit sterkt inntrykk på meg. Både tekst og melodi er vakre.



FAKTA

Namn: Anna Børslid Tvedt

Alder: 58 år

Bustad: Ørnnova, Ostereidet

Sivil status: Gift, fire vaksne born og fem borneborn

– Kva kjenneteiknar ein god kyrkjekaffi?

– Først og fremst må det vere Friele. Nei, spøk til side. Ein vellukka kyrkjekaffi er når folk har tid til å stoppe opp og prate. Og hjelper til med å rydde opp etterpå. som vi elles ikkje pratar med så ofte. Det er imponerende av soknerådsmedlemene og andre som søndag etter søndag kjem med bakverk og steller i stand til så mange.



Dåp – tru og tradisjon

– ein festdag i familien og i kyrkja

Tekst: Stine Karin Sæle / Bilde: Arve Kjell Uthaug

– Kvifor valde de å døype barnet?

– Vi synes dåpen er ei fin feiring av eit nytt barn. Det finst fleire måtar ein kan feira eit nytt liv på, men for oss er dåpen ein viktig del av trua vår. Det var derfor eit val basert både ut frå tru og at det er ein fin tradisjon.

– Kva forventningar hadde de på førehand til dåpen?

– Vi har to eldre gutar, der ein av dei vart døpt i Meland og ein i ei anna kyrkje, så vi visste litt kva vi gjekk til. Slik sett hadde vi forventningar som vart oppfylt. Det var fint at storebrødrene aktivt vart involvert i dåpen, t.d ved at vi gjekk saman inn som familie, og at dei var med på å ta av lue og tørka hovudet til Caroline. Dåpsdagen var ein høgtidsdag for oss.

– Korleis opplevde de dåpshandlinga?

– Det var ein fin flokk med fire barn som vart døypt denne dagen. Det som var nytt og litt spennande denne gongen var at far løfta opp barnet for kyrkjelyden etter at dåpshandlingane var gjort, i ekte Løvenes Konge-stil. Vi har heller ikkje vore med på å gå ned i midtgangen medan dåpssalmen vart sunge. Det opplevdes positivt. Eg trur det kan være fint for dei i kyrkja som ikkje er ein del av dåpsfølget. Dei kjem litt tettare på dåpsbarnet.

– Kva ser de for dykk av oppfølging etter dåpen frå fadrar og frå kyrkja?

– Vi har valt fadrar som vi ønsker skal vere ein naturleg del av livet til Caroline. Dei er i seg sjølv gode rollemodellar, og vi håpar og trur at dei vil stilla opp for Caroline når ho treng dei, og gi henne gode råd etter kvart som ho blir eldre. Sjølv trusopplæringa skjer nok mest på heimebane i det daglege. Frå kyrkja rekner vi med at vi får invitasjoner til utdeling av fireårsbok og seksårsbok, ranselbøn og liknande.



FAKTA - MELAND KYRKJE

Dåpsbarn: Caroline Sherrock
Foreldre: Stina og Richard Sherrock
Prest: Bjørn Tore Sæle

Tekst: Lars Bjarte Nesheim / Foto: Einar Såkvitne

– Kvifor valde de å døype barnet?

– Vi valde å døype barnet av tradisjon. Oldemor mi på farsida, Aslaug Stedje, blei døpt i 1919, i same dåpskjole som Markus brukte på dåpsdagen, seier far Ole Anders Heimdal.

– Kva forventningar hadde de på førehand til dåpen?

– Vi forventa å få ein fin, minnerik dag saman med familie og vener.

– Korleis opplevde de dåpshandlinga?

– Vi syns det var kjekt at barn fra dåpsfamilien kunne ta del i førebuingane i kyrkja på dåpsdagen.

– De har fått utdelt dåpsperm – har den vore nyttig?

– Ja, dåpspermen inneheld kjekke eventyr og songar som tippoldemor Erna Bjørg Vedaa har lest og sunge for Markus.

– Kva oppfølging ser de for dykk vidare frå fadrar og kyrkjekontor?

– Vi ser fram til at fadrane kan ta Markus med på T-dagar i kyrkja



FAKTA – MO KYRKJE

Dåpsbarn: Markus Leander Heimdal
Foreldre: Maja Amalie Vedaa Såkvitne og Ole Anders Heimdal
Fadrar: Ane Vedaa Fjellanger og Bjørn Even Heimdal
Prest: Vilhelm Overå



Foto: Geir Øy

Tre ord om dåpen: Tilhøyre, tilgjeving, tillit

BISKOP EM. OLE D. HAGESÆTHER BUR I KNARVIK OG ER AKTIV I KYRKJA. HAN HAR BLITT UTFORDRA TIL Å SEIE MED FÅ ORD KVA DÅP INNEBER.

TILHØYRE

Å bli døypt kan samanliknast med å bli født inn i ein storfamilie. I dåpen blir vi fødte inn i Guds store familie. Jesus seier at vi må bli født på ny, og det skjer ved vatn og Ande. For at ingen skal lure på kva som skjedde den gongen ein blei døypt, er dåpen noko som skjer i kyrkjelyden. Eg synest det er flott når barnet blir halde opp for forsamlinga like etter dåpen, og presten seier: «Dette er NN, Guds barn og vår bror/ søster.» Då høyrer ein til der.

TILGJEVING

Gud er full av kjærleik. Men samstundes er han heilag. Difor

må vi bli rettferdiggjort, slik at vi kan leve ope og tillitsfullt saman med vår far. Eg likar å dele opp ordet, og seie at vi har blitt «rett ferdiggjort». Vi kallar dåpen for eit nådemiddel. For at vi skal vite heilt trygt at vi får tilgjeving, har Gud gitt oss dåpen som eit synleg teikn på at vi har fått ta imot Guds nåde.

TILLIT

Når vi kjem med barnet til kyrkja, er det ei trushandling. Eg brukar ordet tillit. Når folk talar om tru, tenker dei gjerne på at ein grip om bibelforteljingane med hovud og forstand. Slik er ikkje trua for meg. Det er først og fremst ei tillits-handling.

No er det 77 år sidan eg blei døypt. Men eg lever i den tilliten framleis. Eg takkar for gåva i dåpen.



MELAND ELEKTRO

AUTORISERT ELEKTROENTREPRENØR

Mjåtveitflaten 45 • 5918 FREKHAUG
Tlf 56 17 87 00 • post@melandelektro.no
www.melandelektro.no

HAGEL

AUTORISERT REGNSKAPSFØRERSELSKAP

SAMTALEPARTNER | BRANSJETEAM
DIGITALISERING | AUTOMATISERING

RING 56 35 55 80

Hos oss blir du alltid møtt med god kompetanse, gode råd og godt humør.

- Hagel AS, Hagellia 6, 5914 Isdalstø -

www.hagel.no

Velkommen til dåp

Tekst: Geir Øy

Foto: Sissel Trædal

Fram til nyleg fekk alle kyrkjekontor melding om fødsel dersom ein av foreldra er medlemmer av Den norske kyrkja. Ei slik melding gav kyrkjekontoret høve til å sende brev og invitere til dåp. I haust kom det nye reglar for personvern, og det er slutt på slike fødselsmeldingar.

Prost Helge Taranrød er opptatt av kva dette betyr for kyrkjelydane.

– Vi ønskjer framleis å nå ut med informasjon om og invitasjon til dåp i kyrkjene våre. Eg har oppmoda dei tilsette i kyrkjelydane om å arbeide bevisst med dette. Fleire av dei tilsette har kontakt med unge familiar til dømes gjennom babysang.

Han oppmodar også familie og vener til å vere medvitne om endringa.

– Det er sjølvsagt foreldre som må få bestemme om borna skal bli døypte. Men det er likevel godt mogeleg å minne unge foreldre om at dåp er ei fin og viktig hending. Frå no av vil slike oppmodingar vere til god hjelp.



Prost Helge Taranrød deltok på utdeling av Mi kyrkjebok til 4-åringar i Solheim kyrkje i Masfjorden nyleg.

Prosten minner også om at oppfølging av dåpen er viktig.

– Kyrkja har trusopplærarar som legg til rette for gode møtepunkt som utdeling av 4-årsbok, Tårnagent-helg og «Lys Vaken». Fadrar og besteforeldre har ei viktig oppgåve med å gje gode gåver slik som barnebibel og medlemskap i Dåpsklubben Tripp trapp, seier han.

DÅPSKLUBBEN

Tripptrapp

Dette er ein klubb for born frå 0 til 12 år. Det kjem tre pakkar i posten kvart år, før påske, sommar og jul. Foreldre, besteforeldre eller fadrar står som gjevarar av medlemskapen.

Pakkane inneheld bøker, musikk, mm. Fleire tusen familiar rundt om i landet har stor glede av tre spennande pakkar i posten i løpet av året. Mange familiar takkar besteforeldre som gav borna medlemskap i Dåpsklubben Tripp Trapp. Bibelforteljingar vert ein naturleg del av oppveksten, saman med dei fine songane. Ei gåve med meining!



Den grønne sida

Tekst: Ingvild Dalland Husabø

KVINNELIST, KAFFIFILTER OG KVARDAGSVANAR

I FJOR INNFORTE ME KAFFIFILTER I BOMULL, BIVOKS-MAT-PAPIR OG LAUSVEKTPOSAR AV MAISFIBER I HEIMEN VÅR. EG SKRIV ME FOR DÅ VERKAR DET SÅ SAMSTEMT, LETTVINT OG HARMONISK. SANNINGA ER AT EG HAR ENTUSIASMEN OG MANNEN MIN LET SOM HAN ER POSITIV. HAN VEIT AT IVEREN FORSVINN OM DET ER VANSKELEG Å GJENNOMFØRE.

Eg har vakse opp i ein heim med gode vanar. Avfallssortering, restemiddagar, handlenett i tøy og ei enorm skyljning av brødposar til gjenbruk. Brødposevaskinga var eg ikkje stor fan av, men har sjølv likevel gått over til bivoksark og komposterbare fryseposar. Stort sett. Eg innrømmer gjerne at det ikkje alltid er verken gøy eller lett å hugse på.

Me er inne i ei tid der mange omsider forstår kvifor me lærte å ta vare på brødposane, sykle litt meir og å leggje avfallet i rett bøtte. Min generasjon har vakse opp i ein luksus utan like der alt kan kjøpast. Og kastast. Vanane våre har sakte, men sikkert vorte meir og meir bedagelege, og mindre og mindre miljøvenlege. Men no er det hipt å tenkje miljøvenleg. Det likar eg. Hipt betyr gjerne stilig, då vert eg positivt innstilt. Alt som er fint å sjå på gjer meg glad. For det å ta dei grønne vala er som regel grådig stilig! Som til dømes eit kjøleskap med mindre emballasje. Eller merkebukser kjøpt på Fretex, middagar rundt bestemor sitt spisebord og å ete søte bananpannekaker i staden for å kaste bananen. Ikkje er det vanskeleg heller.

Likevel: heilt ærleg? Eg elsker mat og kjem aldri til å leve heilt utan kjøt. Eg likar kjensla av nye ting, og eg har fått luksusvanar eg ikkje likar å gi slepp på. Eg har ein jobb som gjer at eg må fly meir enn eg likar, og eg kjem alltid til å ønske meg nye ting, elske design og reise på ferie. Nokre ting må nok vere som dei er. Eg har likevel bestemt meg for å fire på krava. Eg vil heller redde skaparverket «litt», enn å la vere å prøve fordi eg ikkje gidd. Det minste eg kan gjere er faktisk å leggje avfallet der det skal vere.

Eg heiar på ein litt grønare kvardag i overkommelege dosar. Eg heiar på litt meir kvinnelist i det daglege og tiltak som er gjennomførbare. Og forresten: me har i det siste slutta med bomullsfilter fordi eg er blitt ein snobbete barista. Men bivokspapiret tar du aldri frå meg. Eller komposten. For ikkje å snakke om innstillinga og pågangsmotet. No brukar me nemleg bivokspapiret like mykje begge to. Og eg trur jammensanten han er einig i at me skal på interrailferie.

FOR FLEIRE AV MINE KVARDAGSVANAR:
SJÅ @INGVILDDALHUS PÅ INSTAGRAM



Skivene til lunsjen både ser bra ut og smakar godt i bivokspapir



Lausvektsposar til handling og oppbevaring




Bestemor sitt spisebord kjem godt med når husgruppa er på besøk

KRYSSORD

Laga av Arvid Sakseide

	baby- ut- styret							by i <u>Italia</u> tone		tand- re	båt- far- veg	
	den etter- latne							nitrat				
		vesen vilkår plira										
norsk for- fattar					kommune høgtid		distr.		reisk.		finst dikt- delane	ins- trum- entet
ferske								lekams- del yttrium			skrik	
			for året skjene									
palest. org. feie								ekte- feller	ann- leis	500 fotb.- spelar	finst ende- punkt	
		siår					politi					
siarm --- Ca prino	reisk. hann- dyr			fadder		fiske- egg						
							nab.					
			melodi		tygg	prep. bibel- del						
del av ser- vice						rex ----- prep.		infi- nitivs- merke				
klaub- dyret												



Send heile kryssordet (evt. foto/scan) innan 1. mai til post.meland@kyrkja.no eller i post til Meland kyrkjelyd, Postboks 117, 5906 Frekhaug. Premie: Gåvekort kr. 250, Knarvik Senter. Vinnar i nr 3/18: Lars Inge Kjemphol, Isdalstø

Vatne
Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrette-
legging ved begravelser og bisettelser.

Døgnvakt 56 35 09 10
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø



Knarvik
Blomsterstove



Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø
Tlf: 56 35 62 20 – www.knarvikblomsterstove.no

KNARVIK  **SENTER**

Møteplassen for handel og kultur

Kulturkalender

3. april – onsdag

PÅSKEKONSERT

Knarvik kyrkje kl. 19.30

«Gåten om korset». Garness m/ band og kor frå Bibelskolen i Grimstad. Tekstar: Jostein Ørum. Musikk: Garness.

Billett: ticketco.no

5. april – fredag

KONSERT

Knarvik kyrkje kl. 19.00

Musikkens Venner arrangerer konsert m/ Håvard Svendsrud, Arvid Engegård og Svein Haugen.

6. april – laurdag

BASAR

Ostereidet kyrkje kl 16.00

Song, andakt v/ prost Helge Taranrød, mat og åresal. Velkomne!

9. april – tysdag

PÅSKESONGKVELD

Knarvik kyrkje kl.19.30

Vi syng oss gjennom kjende og ukjende salmar og songar som skal nyttast på dei tre NRK-gudstenestene i palmehelga. Dette blir ei god øving for å løfta songen under innspelningane. Arr. Alversund sokneråd

10. april – onsdag

PÅSKA I ORD OG TONAR

Ostereidet kyrkje kl.19.00

Vi syng påskesongar i lag og deler tekstar om påska.

Te Deum syng nokre songar.

Etter samlinga vert det enkel servering i underetasjen.

Arr. Te Deum

5. mai – søndag

JAZZMESSE

Meland kyrkje kl. 19.00

Med Felix Vocalis og band.

7. mai – tysdag

KORKAFE MED FELIX VOCALIS

Nordgardsløa kl 20.00

Song ved Felix Vocalis. Kaker, kaffi og utlodning.

25. mai – laurdag

FESTSPILLKONSERT

Knarvik kyrkje kl. 19

Nordiske stemninger og argentinsk lidenskap. Akkordeonist

Geir Draugsvoll og pianist Mette Rasmussen fra Danmark.

Billett: se www.fib.no.

Andakt



Av Elisabeth Romarheim

Gift med Sindre, tre born, kreftsjukepleiar og arbeider deltid på Haukeland Universitetssjukehus.

Velsigna er den mann/ kvinne som stolar på Herren og set si lit til Han. Han er lik eit tre som er planta attmed vatn og strekkjer røtene mot bekken. Det fryktar ikkje når heten kjem, lauvet er grønt. Det engstar seg ikkje i tørketider og held ikkje opp med å bera frukt. Jeremia 17, 7-8.

Dette er for meg ei bøn over mitt liv. Gud ynskjer å velsigna oss. Eg ynskjer å stola på Herren og slappa av i Hans velsigning over mitt liv. Å våga å setta mi lit til han i ting i livet som uroar meg.

Eit tre visnar når det er tørke, det kunne me til og med sjå her på vestlandet i sommar som var. Om treet har kjensler vil eg tru det blir grepen av frykt dersom det blir varsla ein liknande sommar igjen. Med tørke. Då er ikkje lauvet grønt. Det vil ikkje bera frukt.

Men om det veks nær ein bekk, ein bekk med vatn i, då vil det strekkja røtene ned mot bekken. Det vil suga opp det vatnet som er mogleg å få tak i. Og vatnet

blir fordelt oppover i treet og ut i bladverket. I heile «livet» til treet. Røtene vil ikkje halda opp med å suga til seg vatn og næring. Det er ein kontinuerleg prosess.

Eg trur mange av oss har ting i livet me fryktar og engstar oss for. Slik er det i alle fall for meg, sjølv om eg er kristen og søker Gud om rettleiing. Noko av det eg fryktar mest er kva andre synest om meg. Eg trur ikkje eg er åleine om å vera redd for det. Det er berre eit eksempel. Men når eg seier at verset over er ei bøn over mitt liv, meiner eg at eg ynskjer å strekka meg etter Guds tanke om kva Han synest om meg, for då vil eg ikkje trenga å engsta meg. Hans tanke om meg er

uforanderleg; uendeleg verdifull, uansett.

Og denne fine tanken Gud har om meg finn eg i Bibelen. Eg vil la Bibelen vera kjelda som eg kan henta mi kraft i frå. Slik at eg kan halda bladverket mitt grønt/ at eg kan ha mindre frykt og anna uro i livet. Eg trur eg kan tola meir av ytre negativ påverknad frå samfunnet dersom eg lar Guds kraft (som eg finn i Bibelen) verka i meg. Og eg vil gjerne vera slik som røtene på treet, som får næring av bekken i ein kontinuerleg prosess. Då verkar det på meg slik at eg treng tid med Bibelen. Det er jo slik at Gud ynskjer å vera ilag med oss! Han LENGSTAR etter oss, faktisk. Han har skapt oss til å vera ilag med seg.



OPPSKRIFT

Potetlefser

Kjersti Linn Bakke bur på Ikeland gard på Seim saman med mannen Sigve Andreas og borna Andreas og Anna Eline.

Dei driv gard med 42 vinterfora sauer. Kjersti Linn har fagbrev som kokk og har bygd opp ei god verksemd med produksjon og sal av spekemat og andre kjøttprodukt.

Når veka er over og kjøleskapet er fullt av middagsrestar, deriblant poteter, vert det ofte potetlefser til kvelds i heimen vår. Det er både enkelt og veldig godt. Spesielt hvis dei er varme med smør og sirup, sukker eller syltetøy. Dette kan kven som helst laga og består av berre 3 ingrediensar. Du vil i tillegg hausta heder og ære for nydelig mat!

Ingredienser

- Kokte poteter utan skal, minst 1 dag gamle og helst mjølne.
- Kveitemjøl
- Salt



Framgangsmåte:

Legg potetene i ein bolle og mos dei med ein gaffel. Bland inn mjøl til du har ein litt fast masse. Det varierer litt på mjølmengden, men sånn ca ei strøken spiseskjei til ei middels stor potet. Her er det best å bruka nevane så får du knadd inn mjølet skikkelig. Dryss i litt salt, sånn ca ei klype pr potet.

Lag passelege emne(runde bollar i lik størrelse) og kjevl ut så tynt som det let seg gjera. Bruk masse mjøl og snu ofte så dei ikkje heng fast i benken. Bruk gjerne ein

pensel eller ein ny malekost til å kosta av mjølet når dei er ferdig kjevla. Bruk ein flat steikjespade til å løfta dei opp frå benken når dei skal steikjast.

Til steiking er ei takke godt eigna om du har det. Vanleg steikjepanne går også heilt fint, men for all del ingen smør i botnen. Den må vera både tørr og rein.

Då er det berre til å setja i gang. Lukka te og god fornøyelse!

Nordhordland VIRKE Begravelsesbyrå AS GRAVFERD

Ring oss på tlf. 56 37 14 10 eller sjå www.nordh-bb.no

Stort utvalg i blomster og gravminne!

KYRKJEVEGEN 1
5911 Alversund

FREKHAUG:
Havnevegen 31,
5918 Frekhaug

AVD. VAKSDAL:
Tlf. 56 99 25 70

Me går saman med deg heile vegen

GRAVMINNER



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.

www.lovaasnaturstein.no

Kva er eit sokneråd?

Tekst: Terje Øpstebø
Foto: Privat

Paragraf 9 i kyrkjelova seier noko om oppgåvene til soknerådet:

«Det skal ha merksemda retta mot alt som kan gjerast for å vekkja og nærja det kristne livet i soknet, særleg at Guds ord kan verta forkynt, at dei døypte får dåpsopplæring, at barn og unge vert samla om gode føremål og at dei med

lekamleg og åndeleg naud får hjelp. Vidare har soknerådet ansvar for at kyrkjeleg undervisning, kyrkjemusikk og diakoni vert innarbeidd og utvikla i soknet. Alt dette kostar pengar, og soknerådet skal forvalta midlane som kjem inn til arbeidet.»

Protokollane frå soknerådsmøta viser at nokre saker går

att: arbeid blant barn og unge i kyrkjelyden, gudstenestelister og økonomi. Sonerådet har det overordna ansvaret for arbeidet i soknet, utført av tilsette og frivillige. Soknerådet oppnemner utval med ansvar til dømes for diakoni, misjon og redaksjonsnemnd for kyrkjekontakten.



Tove Legernes

57 år, gift med Knut, 3 born, lege er medlem i Alversund sokneråd



Børge Romarheim

33 år, gift med Marianne, 3 born, kundekonsulent er medlem i Seim sokneråd

– Kvifor sa du ja til å stilla til val og stå på lista sist det skulle veljast nytt sokneråd?

– Eg hadde eit ønskje om å bli betre kjent med kyrkja i Knarvik og å bli nærare knytt til kyrkjelydsarbeidet i soknet. Kyrkja er viktig for mange, og den er viktig for meg. Eg kjende på at det var min tur til å ta del i det dugnadsarbeidet det er å driva ei kyrkje. I tillegg har det vore spennande å få med seg arbeidet som er gjort, med at det er bygd ny kyrkje i Knarvik og å få vera med i prosessen rundt det å innreia kyrkjekjellaren.

– Kva synest du om å vera med i soknerådet?

– Det har vore spennande. Eg er blitt kjent med kjekke og flinke menneske i soknerådet og mange andre som arbeider i kyrkjene eller er knytt til dei. Eg har også lært korleis arbeidet rundt kyrkjene er organisert og har fått vera med å ta avgjerder med tanke på drift av dei.

– Kvifor er soknerådsarbeidet viktig?

Det er mange som bidreg i Alversund og Knarvik sokn med å gjera eit arbeid for soknet. Det blir gjort eit stort og viktig arbeid med fleire kor, foreiningsarbeid, ope hus, ungdomsarbeid og anna. Mi oppleving er at soknerådet er ein del av denne drifta som ei brikke i eit puslespel. Reint organisatorisk er det viktig å ha eit sokneråd som har ei overordna rolle i forholdet til det arbeidet som vert gjort. Det handlar om økonomi, kva ein skal velja å bruka pengar på, og om å ta avgjerder med tanke på kva retning vi ønskjer at soknet skal gå i.

– Kvifor sa du ja til å stille til val og stå på lista sist det skulle veljast nytt sokneråd?

– Eg stilte som kandidat til Seim sokneråd fordi eg ville engasjere meg i eit kristent arbeid som femner breitt. Kyrkja har ei stor oppgave - og ein stor mulighet til å nå ut til folk med evangeliet. Soknerådsarbeidet er difor svært viktig for å leggje til rette for dette, og det synest eg er flott å vere med på. Sidan mange har eit forhold til si lokale kyrkje, er soknerådsarbeidet også ein fin måte å engasjere seg for bygda.

– Korleis har tida i soknerådet vore?

– Det har vore veldig interessant å vere med i soknerådet. Aktivitetane og engasjementet rundt gudstenestene i Seim har hatt stor oppsving dei siste åra. Det har vore veldig givande å vere ein del av dette. Spesielt at barnarbeidet også har vore ein stor del av dette engasjementet er gledeleg. I soknerådet har vi fått eit innblikk i kyrkjelivet frå «innsida» med planlegging og gjennomføring av gudstenester og andre arrangement.

– Kvifor er soknerådsarbeidet viktig?

– Soknerådet i Seim gjer ein viktig jobb for bygda, både for å halde liv i regelmessig gudstenesteliv og ikkje minst med å arrangere sosiale tilstellingar. Dei siste åra har det vore ein flott kombinasjon av dette. Elles ser eg soknerådsarbeidet i ein større samanheng. Ein ting er alt det praktiske som skal vere i orden, men det største målet vi jobbar for, er at alle skal bli kjende med tømmermannen frå Nasaret som ikkje berre døydde, men stod opp igjen for å sone all verdsens synd, til og med for oss med postadresse Seim.

Hausten 2019 skal det veljast nye sokneråd. Kanskje er det din tur til å stå på lista då. Tenk litt på det!

Konfirmasjonar på Lygra, Seim, i Alversund og Knarvik

Alversund 27. april

Kl 10.30

Per Oskar Valland
Vanessa Andrea Vågestøl
Hilland
Henriette Aulie-Lydvo
Mira Minde Bøe
Emmeli Kristin Kalmer
Marie Mostrau
Patrick Lieske-Grindheim
Martin Alver Sagstad
Isabelle Kvalheim

Kl 12.30

Oscar Kvamme
Øyvind Herfindal Kvinge
Mari Olsvik
Eirin Strømme Hopland
Johannes Bekkenes Hitland
Ruben Sellevold
Marie Brundtland
Andrine Sundsbø
Eivind Korsøen

Søndag 28. april

kl 10.30

Maja Alver Hordnes
Christoffer Bakke
Stine Hilland
Elias Hauge Storheim
Phillip Morken
Liv Rydningen

kl 12.30

Frøya Valland Dale
Julie Sivertsen Grymyr
Mathias Kartveit Valdersnes
Tobias Hylleseth Krokeide
Øyvind Sebastian Blindheim
Nordbustad
Tia Vik

Knarvik 5. mai

kl 11.00

Ailin Vik
Anders Bertin Blindheim
Eikås

Christopher Emil Trettenes
Gausereide

Daniel Kleiven
Emilie Hermansen Valdersnes
Emilie Solvang Køhne
Fredrik Skår Nilsen
Hedda Jensine Øvretveit
Tredal
Malene Ulveseth Solland
Mathias Åsmul Haukås
Nora Kristine Brekke Iden
Oda Marie Bjørsvik Rath
Olivia Dahl
Silje Borlaug
Stine Ulvatn
Sølve Helgheim
Vegard Kartveit
Victor Haugvik
Vår Synnevåg
Therese Eggen Østgård

Seim 12. mai

kl 10.30 – 11 stk.

Bettina Gausereide Risa
Dina-Amalie Gjesdal Nesse
Håvard Navdal
Emma Spurkeland
Julian Nesse
Thea Skaar Sæthre
Sivert Morvik
Solveig Hopland Nesse
Stina Morvik
Simon-Cornelius Gjesdal
Nesse
Thea Marie Frotjold

Lygra 12. mai

kl. 13.00 – 5 stk.

Anita Bjelde Langenes
Benjamin Langenes
Michelle Vange Køhne
Sofie Helen Henriksson
Marie Solvi Køhne

TREKNINGSLISTE FRÅ BASAR PÅ ALVERSUND KYRKJELYDSHUS 17. FEBRUAR.

1. Nettbrett: Espen Olsvik. 2. Dukke m/vogn og garderobe: Alfred Hella. 3. Herregenser, grå: Kari Lekva. 4. Strikka ullpledd: Jule Vierck. 5. Dundyne: Terje Hvidsten. 6. Damegenser, grå: Bjørg Bauge. 7. Barnegenser grå: Fam Kåre Jordal. 8. Cabin-koffert: Helge Feste. 9. Dagstursekk: Kristin Monstad. 10. Soda-stream: Elisabeth Valle. 11. Vannkoker: Linnea Westervik Alvestad. 12. Hardangersømsløper: Silje Hodneland. 13. Olean-najakke dame: Ola Johannes Jordal. 14. Ulltrøye (Kari Traa): Vigdis Stenseth. 15. Kiropraktortime verdi kr. 500: Britt Norheim. 16. Fotball: Hildegunn Hansen. 17. Elektrisk stikksag: Bo-

dil Rossnes. 18. Dobbelt sengesett: Aslaug Helgensen. 19. Quiltet løper: Torhild Melkersen. 20. Bilvask Gabben: Elisabeth H. Sleire. 21. Gavekort Knarvik Senter kr 500: Annette Ø. Aamli. 22. Gavekort Power kr 800: Karin Olstad. 23. Knivsett: Perly Ones. 24. Gavekort Søderstrøm kr 500: Evelyn Sture. 25. Gavekort Alver Hotel (buffet for 2): Arne Helgesen. 26. Dekkhuset – dekkskift: Synnøve Bjørndal. 27. Gavekort Strilen 3 mnd abon.: Ola Johannes Jordal. 28. Gavekort Nordhordland avis 3 mnd abon.: Leif Ragnar Fiske. 29. Lyslykt: Trude G. Sjursen. 30. Quiltet liten duk: Trine Jansen. 31. Dobbelt sengesett: Rakel og Øystein Valle. 32. Snøskuffe: Elisabeth Langeland. 33. Pledd: Perly Ones. 34. Duftlys: Eskild Fosse Toft. 35. Pledd: Anne M. og Håkon Gladvedt-Prahl.

Damene i «Den nye kyrkjeringen» vil rette ei stor takk til alle som støtta med gevinstar og kjøp av lodd.



Slekters gang

Knarvik

Døpte

04.11.18 Athelia Sophie Løvoll Johannessen
04.11.18 Henrik Skaar Støer
18.11.18 Elisabeth Rasdal
02.12.18 Nora Wichstrøm
16.12.18 Audun Olai Uthaug Fosse
20.01.19 Aksel Eidsheim
20.01.19 Sofia Bjørsvik Kvamme
20.01.19 Ada Gruehagen Lyngøy
03.02.19 Elias Tvedt

Stadfesting av dåp

04.11.18 Kristin Humblen
04.11.18 Kolbjørn Humblen

Døde

20.10.18 Oddvar Olav Opdal f. 1945
16.11.18 Marit Fyllingsnes f. 1966
25.11.18 Ingolv Bernt Tungodden f. 1924
27.11.18 Ingeleiv Kristine Skår f. 1926
03.12.18 Atle Soltveit f. 1955
20.12.18 Solveig Tertnes f. 1922
08.01.19 Asbjørn Geir Grøttveit f. 1950
27.01.19 Lillian Måfrid Aasen f. 1939

Alversund

Døpte

11.11.18 Melina Espetvedt Eknes (døpt i Meland kyrkje)
25.11.18 Sofie Berge Sagstad
27.01.19 Jonas Severin Finsås
27.01.19 Aria Tolleshaug Hovden
27.01.19 Emil Gaustad Johansen
27.01.19 Melina Pettersen Tolleshaug

Døde

30.11.18 Kirsten Eriksen f. 1924
30.11.18 Vidar Kolstad f. 1950
09.12.18 Johanna Berentsen f. 1925
10.12.18 Håkon Andvik f. 1922
28.12.18 Kathleen Marie Lysøe f. 1932
23.01.19 Jarle Kvamme f. 1923
30.01.19 Liv Malmfrid Glatved-Prahl f. 1928

Seim

Døpte

11.11.18 Ellie Fjellsende
11.11.18 Oliver Morken Hjelmtveit
13.01.19 Sofie Kvernøy Henriksbø
13.01.19 Mats Thorsheim
10.02.19 Ulrik Johan Valle

Lygra

Døpte

18.11.18 Nikolai Bergås Brudevoll
20.01.19 Arthur Inge Haugland
20.01.19 Daniel Saadon Veland



GUDSTENESTEKALENDER



Knarvik

31. mars

3. s. i fastetida

Kl. 19 Kveldsgudsteneste v/
Torbjørn Sæle.
Nattverd. Knarvik Gospel.

7. april

4. s. i fastetida

Kl. 11 v/ Geir Øy.
Dåp/nattverd. Konfirmant-
deltaking.

12. april

Fredag

Kl. 1730 TV-gudsteneste:
Opptak Langfredagsgudste-
neste.

13. april

Laurdag

Kl. 1130 TV-gudsteneste:
Opptak Palmesøndagsgud-
steneste.

14. april

Palmesøndag

Kl. 1045 TV-gudsteneste:
Opptak Påskedagsgudste-
neste.

18. april

Skjærtorsdag

KNARVIK kl. 19 v/ Geir Øy.
Nattverd.

21. april

Påskedag

Vi deltek på gudstenesta i
Meland kyrkje kl. 11.

28. april

2. s. i påsketida

Kl. 19 Kveldsgudsteneste v/
Geir Øy.
Nattverd.

5. mai

3. s. i påsketida

KNARVIK kl. 11 Konfirma-
sjongsgudsteneste v/ Geir Øy
og Helle Kartveit.

12. mai

4. s. i påsketida

Kl. 11 v/ Magne Bjørndal.
Dåp/nattverd.

17. mai

Kl. 10.15 v/ Torbjørn Sæle.

19. mai

5. s. i påsketida

Kl. 11 v/ Magne Bjørndal.
Dåp/nattverd.

26. mai

6. s. i påsketida

Kl. 19 Kveldsgudsteneste v/
Magne Bjørndal.
Nattverd.

2. juni

Søndag før pinse

Kl. 11 v/ Geir Øy.
Dåp/nattverd.

9. juni

Pinsedag

Kl. 11 v/ Torbjørn Sæle.
Dåp/Nattverd.



Alversund

31. mars

3. s. i fastetida

Kl. 11 v/ Geir Øy.
Dåp. Konfirmantdeltaking.

27. april

Laurdag

Kl. 10.30 og 12.30 Konfirma-
sjongsgudsteneste v/ Torbjørn
Sæle og Helle Kartveit.

28. april

2. s. i påsketida

Kl. 10.30 og 12.30 Konfirma-
sjongsgudsteneste v/ Torbjørn
Sæle og Helle Kartveit.

17. mai

Kl. 10.30 v/ Helge Taranrød.

26. mai

6. s. i påsketida

Kl. 11 v/ Geir Øy.
Dåp. 50-årskonfirmantar.



Seim

19. april

Langfredag

Kl. 11 v/ Geir Øy.

12. mai

4. s. i påsketida

Kl. 10.30 Konfirmasjonsgud-
steneste v/ Torbjørn Sæle og
Helle Kartveit.

17. mai

Kl. 11.30 v/ Torbjørn Sæle.

16. juni

Treeiningssøndag

Kl 11 Friluftsgudsteneste i
Bøkeskogen



Lygra

12. mai

4. s. i påsketida

Kl. 13 Konfirmasjonsgudste-
neste v/ Torbjørn Sæle og
Helle Kartveit.

17. mai

Kl. 12 v/ Helge Taranrød.